

# STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for  
Tromsø-studentene

ekstrå-nummer

## Studentutvalgets tale 1. september

Studentutvalgets tale ved Universitetets åpning 1. sept. i år på Fokus, kom av plasshensyn dessverre ikke med i første nr. av Studentavisa. Etter at flere studenter har bedt om å få den trykt, trykker vi den her i sin helhet. Talen ble hørt av Erik-Oddvar Eriksen.

Universitetet i Tromsø blir i dag formelt opna for 7.gang. Vel 400 nye studentar skal ta fatt på eit universitetsstudium.

På mange måter er situasjonen som møter dei nye studentane usikker og dystert:

- Prognosane fortel oss om framtidig arbeidsløyse for fleire akademikergrupper.
- Samtidig går det føre seg ei omfattande omlegging og rasjonalisering av universitetsutdanninga.

Vanskelegare jobbmuligheter synast å føre til ein meir eksamensretta innsats frå studentane si side.

Det umiddelbare svaret for den einskilde ser ut til å vere å kaste seg ut i eit blindt studierace. Ein konsentrerer seg berre om faget og gode karakterer. På denne måten fungerer framtidsutsiktane fagleg og politisk disiplinerande på studentane.

### REFORMER AV STUDIESTRUKTUREN.

Også dei universitetsreformene som i dag pågår verkar i same retning. Kjenne-tegnande for reformene er at studietida skjærast ned, faga blir splitta opp i mindre einingar, eksamen nyttast meir flittig, pensa aukar og forskning og undervisning skiljast endå meir. Konkret gjeld dette reglementsendingane for gradssystemet på realfag, cand.mag.komiteen si innstilling for historisk/filosofiske fag, framlegget til endring av den praktisk-pedagogiske utdanninga og dei nye forskriftene for adjunkt- og lektorkompetanse.

Auka studiepress og mindre muligheter for kritisk fordjuping og utanomfagleg verksemd er konsekvensane av desse reformene. Dette er ei intern effektivisering og stramlineforming av faga, som verkar saman med ei generell politisk tilstramming og dårlegare studiefinansiering.

Framlegget til eigen disiplinærlov for universitet og høgskolar har vore ei viktig kampsak det siste året. Dette framlegget fører til at det blir oppretta interne domstolar på universiteta som kan dømme studentar til bortvising for inntil 2 år for ordensforstyrrelse. Lov opnar heilt klart for knebling av all politisk opposisjon på lærestadene. Det luktar tyske tilstandar av helle lova.

### DÅRLEGARE STUDIEFINANSIERING.

Dei forverra økonomiske vilkåra ved å studere kan illustrerast med følgende tal:

- \* Stipenddelen har dei siste 10 åra sunke med 10 %.
- \* Renta på låna har i same tidsboken auka med 3 %.
- \* Tilbakebetalingstida for låna er nyleg skore ned med 25 %.
- \* I tillegg har studentane i Tromsø som bor på Studentsamskipnaden sine hyblar fått ei husleigeaukning på 17 % sia jul.

Denne dårlegare studiefinansieringa fører til skjelve sosial, geografisk og kjønsmessig rekruttering til universiteta. Dessutan blir stadig fleire tvunge over på deltidsstudie og jobb ved sida av. Det blir vanskelegare å drive utanom-fagleg verksemd; slik blir lærestadene utarma fagleg, politisk, kulturelt og sosialt.

Når så Universitetet i Tromsø har fått ein lågare studenttilstrøming enn prognosane forutsa, så må dette sjåast i samanheng med det forutgåande: Dystre arbeidsmarknadsutsikter, heile omlegginga av den høgre utdanninga og aukande gjeldsbør gjer det å studere ved eit universitet mindre attraktivt.

VI MÅ IKKJE BØYE NAKKEN.

Meir alvorleg enn den sviaktande studenttilstrøminga er den faglege einsrettlinga og den politiske disiplineringa som denne utviklinga fører med seg. I studentmiljøet opplever vi i dag tendensar i retning av aukande privatisering, isolasjon, avpolitisering og konkurransementalitet. Aktivt politisk arbeid fortøner seg som ei ekstra tyngde på toppen av eit studiepress som frå før er for stort.

I denne situasjonen meiner vi det er viktig å slå fast at dei problema vi møter på universitetet og seinare i arbeidslivet berre kan løysast gjennom organisert politisk motstand. Sjølv om vi vel å bøye nakken og tilpasse oss her på universitetet, så er framtidsutsiktene like usikre.

Kampen på universitetet kan difor ikkje sjåast isolert. Utviklinga på utdanningssektoren er nøye knytta til utviklinga i samfunnet ellers. Dei tilstrømningsframstøytane som vi i dag står ovafor, heng saman med at undervisninga og forskninga skal tilpassast dei aktuelle behova det kapitalistiske systemet har for høgt utdanna arbeidskraft og vitenskapleg forskning. Dessutan fører krisa til at staten søkjer å spare og skjære ned på utgifter til uproduktive verksemdar som helse/sosial og utdanningssektoren. Dei problema vi møter i dag på Universitetet kan altså til sist ikkje løysast innafor dette. Ei almen samfunnsmessig omveltning er naudsynt.

Difor er det også viktig at studentane sin kamp ikkje berre blir ein kamp for eigne interesser: For betre økonomi, betre arbeidstilhøve osv. Isolert sett er dette ein kamp for eit privilegium: å vere fritaken for lønnsarbeid og forbigåande kunne leve av andre sitt arbeid. [skaden arbeidar vi for at studentane sin interessekamp skal knyttast saman med kampen for eit sosialistisk samfunn. Vi vil avskaffe dei klassetilhøva og bryte ned den arbeidsdelinga mellom praktisk og teoretisk arbeid som vi i dag inngår i. Som sosialistar må vi difor analysere og kritisere korleis faga og dei framtidige yrkesfunksjonane våre er underlagt heile det kapitalistiske systemet. Berre på dette viset kan det bli ein konkret samanheng mellom vår eigen situasjon og kampen for sosialismen.

UNIVERSITETET I TROMSØ.

Frå starten av var det her i Tromsø ei omfattande rørsle blant studentane. Studentane generelt var særskild aktive og engasjerte på venstresida. Universitetet starta opp i den hektiske avslutninga på EEC-kampen. Universitetet var lite og nytt, og studentane deltok i utforminga på alle område og nivå. Innsatsen frå studentane si side verka til at Universitetet i Tromsø klarte å kvitte seg med ein del av dei forkvakla og bakstreverske trekka som ennå pregar andre universitet. Det ble kjempa fram betre studietilbod og eksamensformer og ein meir demokratisk styringsstruktur og studentorganisering. Desse fortønestene kjem fortsatt dei nye studentane til gode. Studentaktiviteten dei siste par åra har imidlertid gått mykje attende. Den politiske venstrerørsla i kjølvatnet på EEC-kampen har stagnert. Universitetet er blitt større og meir uoversiktleg. Byråkratiet ruller sakene sine gjennom i faste rutiner. Reformene kjem dryppvis og i stort tempo. Det er blitt vanskelegare å følgje med og å take del.

Likevel: For å forsvare allereie tilkjempa posisjonar, møte dei nye tilstrømningsframstøytane og kome vidare, må vi starte med å engasjere oss sterkare politisk. Vi må kome saman: Ta opp pensum, undervisningsformer, eksamensordningar og sjå kritisk på sambandet utdanning-framtidig yrkesfunksjon. Vi må søkje å utvikle kunnskapar som kan nyttast i kampen for eit anna samfunn. Difor: Ta del i det politiske arbeidet på Universitetet! Slutt opp om allmøte!